



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato  
13.11.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/4803 632.9  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Tildelingsbrev - Prosjekt 62253 Oppfølgingsordninga

Fylkesmannen viser til møtet 23. mars 2017 med rådmann og kommunalsjef om oppfølgingsordninga.

Fylkesmannen tildeler **kr. 250 000,-** til Radøy kommune over kontonummer 954 748 634.

Midlane skal nyttast etter dei retningslinene Fylkesmannen og Radøy kommune vart samde om på møtet 23. mars. Dette inneber eit langsiktig og systematisk arbeid med kompetanseheving innan temaet elevane sitt skulemiljø, både for skulane og for skuleeigar. Dette vil bli ytterlegare drøfta og konkretisert på det avtalte møtet 27. november 2017.

Vi ber om ei første rapportering på bruken av midlane innan 1. juni 2018.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*